



Det har i sommar vore parkerte campingvogner på parkeringsplassen ved Gamleskulen.

Nokre står i lang tid, andre berre for nokre dagar.

Nokre står sentralt plassert og er for salg.

Uskedalen Utvikling med ansvar for sentrumstiltak og turisme påpeikar at dette er uhelding. Parkerte vogner har ein avvisande effekt i høve til trivsel og handel.

Eigarane vert med dette oppmoda om å flytta vognene. Uskedalen har to campingplassar og om ein spør, finst det sikkert ei løysing

Eigarane kan og vera utflytta bygdefolk som er heime på gjesting. Det er og registrert at plassen vert nytta av tilreisande med bubilar.

Parkeringsplassen i sentrum er tenkt for korttidsparkering ved bruk av rasteplassen, arrangement, gudstenester, møte, handel og kafe Tiaren i Gamleskulen.

Uskedalen Utvikling helsar alle velkomne til Sommarbygda Uskedalen, men oppmodar alle om å retta seg etter vanleg praksis ved parkering i sentrum.